

Lindås Kommune

Knarvik, 19.11.2019

Byggesak , saksnr. 18/2013

5914 ISDALSTØ

**Klage på vedtak på dispensasjon og rammeløyve til oppføring av nybygg og veg – gbnr. 188/66 Gjervik ytre. Saksnr.18/2013.**

Ber med dette om at kommunen vurderer på nytt vedtaket om byggeløyve gitt til byggeprosjektet i Kvassnesvegen 32, datert i brev av 07.11.2019.

Lindås kommune må følgja Områdeplanen for Knarvik sentrum som seier heilt tydeleg i planomtalen på side 5 og 6.

**"Mot Kvassnesstemma og eksisterande einebustader er byggehøgda trappa ned til 3 etasjar."**

Det må takast hensyn til at vår eidegom gbnr. 188/501 vart tvinga av Lindås Kommune til å byggja lavare enn me ville. Dette må kommunen ta konsekvensane av i dag. Viser til det som fylkesmannen skriv i brev datert 19.09.2019 om avslag på søknad om dispensasjon for etasjetall og høyde for bygg C.

***"Hensynet bak regulert byggehøyde og etasjeantall er å ivareta lys og utsiktsforhold for tiltaket i seg selv og for omkringliggende bebyggelse. Bestemmelsen skal sikre tilstrekkeleg med luft og åpenhet mellom bygninger og regulere bygningsvolumet."***

I same brev skriv fylkesmannen vidare

***"Fylkesmannen vil I likhet med kommunen vise til at avviket på 4,5 meter er vesentleg. Dispensasjonen vil gi et større bygningsvolum og kunne få konsekvenser både for lys og utsiktsforholdene i området."***

Dette må kommunen forholde seg til å sei nei til byggehøgder på 51,5 m for bygg D og E som vender mot øst i følge områdeplanen (ikkje kompass retning som utbyggjar er opptatt av.)

4 etasje på bygg D som vender mot øst og 4 etasje på bygg E kan flyttast til bygg A og B og vil allikevel ivareta lys og utsiksforhold for tiltaket på gbnr. 188/66. Med dette vil ein oppfylla områdeplanen med tanke på ein nedtrappande høgde mot eksisterande bustader. Då vil ein ivareta naboane sine klager på ein god måte.

Viser til brev frå Lindås Kommune til fylkesmannen datert 18.06.2019 der kommunen legg vekt på at alle bygg i prosjektet på gbnr. 188/66 har avvik frå høgdefastsetjing i føresegn 1.4 utanom bygg B som er prosjektert med 2 etasjar. Korleis kan kommunen sjå heilt vekk frå dette som ein har argumentert med heile vegen, og no likevel gje dispensasjon frå høgdefastsetjing i områdeplanen for byggeprosjektet på gbnr. 188/66 i brev av 07.11.2019.

Viser til brev frå Lindås Kommune til Advokatfirmaet Hammervold og Pind AS datert 20.03.2019 der det er snakk om å bruka o\_GF3 til nedgravde avfallsløysingar på friområdet for BS 18 til renovasjon.

Dette er regulert til friområde og må bevarast som friområde. Område til avfallsløysingar må utbyggjar plassera innanfor areala sett av til byggeområde.

I følgje saksdokumenter som er tilgjengelege på Lindås Kommune si heimeside er det ikkje lagt ved referat frå møte som kommunen hadde med utbyggjar 05.03.2019 kl 14:00.

Her må kommunen offenleggjera referat frå dette møtet, viser til kapittel 2 paragraf 3 om rett til innsyn ifølge Offentleglova.

- Kommunen må endra vedtaket der det vert gjeve dispensasjon frå byggjehøgder gitt i Områdeplanen.
- 4 etasje på delar av bygg D som vender mot øst kan flyttast til bygg A og B.
- 4 etasje på bygg E kan flyttast til bygg A og B.
- Kommunen må sei nei til bruk av friområde o\_GF3 for renovasjons handtering.
- Kommunen må leggja fram fullstendig kommunikasjon som har foregått mellom utbyggjar på gbnr 188/66 og kommunen etter møtet 05.03.2019.

Med vennleg helsing

Ingar Hopland